

MILJØRETТА HELSEVERN

AUSTRHEIM - FEDJE – GULEN – LINDÅS – MASFJORDEN – MELAND – RADØY

KOPI

Meland kommune

Referanser:

Dykkar:

Vår: 14/2184 - 14/15931

Saksbehandlar:

Grethe Elin Mjelde

grethe.elin.mjelde@lindas.kommune.no

Dato:

27.06.2014

GODKJENNING AV MELLOMBELS LOKALAR

Den 26.06.14 mottok Miljøretta helsevern søknad om godkjenning av mellombels undervisningslokalar for inntil 150 elevar.

Danielsen Ungdomsskule Frekhaug har eksisterande modulbygg på ca. 500 m², som har godkjente undervisningsarealar for 120 elevar (Ref. 2007/2153 – 19363/2012).

I tillegg til eksisterande modulbygg, ynskjer skulen å nytta mellombels lokalar i bedehuset for ei skuleklasse, slik at skulen kan ha inntil 150 elevar. Mellombels lokalar (klasserom i bedehuset) skal nyttast inntil nytt modulbygg står ferdig (hausten 2014).

➤ **Tilsyn**

Skulen har i dag 84 elevar, men frå hausten 2014 vil skulen ha ca. 140 elevar. Lokalar i bedehuset består av eit tilbygg til storsalen. Tilbygget vart bygd i 2012, og rommet som ynskjas nytta er ca. 45,7 m². Rommet er knytt saman med storsalen med foldedører. Rommet har kvalitetar som er tilfredsstillande for undervisningsrom, og kan nyttast som mellombels undervisningslokale for ei klasse (23 - 24 elevar), inntil nytt modulbygg står ferdig. Organisatorisk tilrettelegging vil sørgjer for at alle elevar (150) vil ha tilfredsstillande undervisningslokaler kvar dag.

Trafikksikker tilkomst og parkering vil bli opparbeid før skulestart 18.08.14.

➤ **Vedtak**

Etter delegert mynde frå Meland kommune, vert mellombels lokalar til Danielsen Ungdomsskule Frekhaug AS godkjent etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. for* inntil 150 elevar.

Godkjenninga vert gjeve etter tilsyn den 26.06.14, og gjeld inntil nytt modulbygg står ferdig.

Post

postmotak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 57 70
Telefaks +47 56 37 50 01

Dersom skulen vert flytta eller endra utan at Meland kommune har godkjent forholdet, fell godkjenninga vekk.

Vedtaket er heimla i Folkehelseloven, kap. 3 og i samsvar med Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular m.v. § 6.

Med helsing

Tord Moltumyr
Kommuneoverlege

Grethe Elin Mjelde
Teknisk-hygienisk ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Om klage over vedtak:

Etter forskrifta § 27 er det høve til å klage på vedtaket for dei partar som har rettsleg interesse i saka. Klaga må setjast fram innan 3 veker etter at vedtaket er motteke. Klaga rettast til Meland kommune, og må verte sendt via Miljøretta helsevern (Lindås kommune).

Kopi til:

Laila Eidsheim
Meland kommune
Tord Moltumyr
- Rådmann
- Utval for levekår
- Komm. avd. for kultur og oppvekst/barnehagekons.